

Arkivnr: 2019/10375-1

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland, Ronny Skaar

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2019

Innspel til Kulturdepartementet sitt arbeid med ny scenekunststrategi**Samandrag**

I Meld. St. 8 (2018-2019) *Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida* vart det varsla at Kulturdepartementet vil gjere ei strategisk gjennomgang av scenekunstheltet. Arbeidet er avgrensa til å omfatte det profesjonelle teater- og dansefeltet.

Arbeidet er sett i gang, og Kulturdepartementet tek sikte å ferdigstille strategien innan september 2019. Departementet har bede aktørar i scenekunstheltet om innspel til arbeidet, med frist 22.mars. Fylkeskommunane er også oppmoda om å gje fråsegner i etterkant av dette, jf Kulturdepartementet sin invitasjon:

Det norske scenekunstheltet har vært i stor vekst og utvikling de siste 15 årene og det er behov for å se helhetlig og nytt på feltet i lys av dette. Vi må blant annet se på dynamikken mellom de faste institusjonene og det frie feltet, samspillet mellom stabil infrastruktur og fleksibilitet for utvikling av nye kunstnerskap, nye grupperinger og nye produksjoner, samt hvordan ressursene helst bør utnyttes til det beste for både aktører i scenekunstheltet og publikum.

Meld. St. 8 (2018-2019) Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida angir en rekke nasjonale kulturpolitiske mål. Tre av hovedmålene er særlig aktuelle for scenekunstheltet: Målet om å skape kunst- og kulturuttrykk av ypperste kvalitet, målet om at kulturlivet skal fremme dannelse og kritisk refleksjon, og målet om at formidlingen av kulturuttrykk er både relevant, representativ og tilgjengelig.

Det er et mål for regjeringen at mer av scenekunsten som produseres skal nå flere. Formålet med strategien er å peke på hvordan det kan legges til rette for at de kulturpolitiske målene for scenekunstheltet best kan nås, herunder hvordan aktørene på feltet kan bidra til økt samarbeid, økt visning og formidling av scenekunst.

Departementet ber om korte innspel der eitt eller fleire av dei følgjande spørsmåla vert besvart:

- *Hva bidrar til å fremme produksjon og formidling i scenekunstheltet? Gi eksempler.*
- *Har du eksempler på vellykkede prosjekter eller tiltak som har fremmet nye typer samarbeid og økt visning av scenekunst?*
- *Hvilke strukturelle utfordringer finnes i dag på scenekunstheltet? Gi eksempler*
- *Hvilke tiltak må til for at disse utfordringene kan løses?*
- *Hvordan ønsker du at scenekunstheltet skal se ut om 5-10 år? Kort beskrivelse.*

Frå scenekunstfeltet i Hordaland har Hordaland Teater og Den Nationale Scene gitt egne innspel. I tillegg er det levert innspel frå ei rekke nasjonale organisasjonar og nettverk, slik som Skuespiller- og dansealliansen, Norske kulturhus, Norsk skuespillerforbund, Dramatikerforbundet osv. der scenekunstnarar, -organisasjonar og -institusjonar er medlemmer.

Fylkesrådmannen legg her fram innspel til dette arbeidet.

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet stiller seg bak innspelet til Kulturdepartementet sitt arbeid med ny scenekunststrategi slik det ligg føre i saksframlegget.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 05.04.2019

**Kva bidreg til å fremje produksjon og formidling i scenekunstfeltet? Gje eksempel.
Har du eksempel på vellukka prosjekt eller tiltak som har fremja nye typar samarbeid og auka visning av scenekunst?**

Hordaland har scenekunst på høgt nivå, både innan det institusjonelle og det frie scenekunstfeltet.

Prinsippet om ansvarsdeling inneber ansvar for å utvikle politikk for scenekunst på alle forvaltingsnivå. Økonomisk støtte frå stat, fylkeskommune og kommunar har vore ein føresetnad for å oppretthalde og vidareutvikle dette.

Det er vidare viktig å ha satsingar på alle deler av scenekunstkjeda, frå manus og ideutvikling, produksjons- og øvingsfasilitetar, teknisk og logistisk kompetanse, formidling, til arenaer og infrastruktur.

Store deler av det profesjonelle scenekunstfeltet i fylket held til i Bergen. Bergen kommune er eit førebilete for lokale styresmakter på det profesjonelle kunstfeltet – scenekunsten inkludert. Dei utarbeider planar for dette og satsar på infrastruktur både for produksjon og visning.

Lokale for både produksjon og framsyning er essensielt for scenekunsten. Kommunen og fylkeskommunen samfinansierer fleire tiltak – særleg når det gjeld fysisk infrastruktur. Etablering av Cornerteateret og satsinga på Sentralbadet scenekunsthuss er viktige tiltak her. Cornerteateret er særleg viktig for det frie scenekunstfeltet. Dette har gitt lokale til disposisjon for både produksjon og visning. Det er også ein arena der det profesjonelle feltet og teaterinteresserte amatørar, særleg barn og unge, møtast.

Proscen – som kompetanse-, interesse- og nettverksorganisasjon for det profesjonelle scenekunstfeltet på Vestlandet, betyr mykje for det frie scenekunstfeltet i fylket. Organisasjonen som vart etablert i 2008 er medlemsbasert og bygd opp for å stette behov som aktørane i feltet sjølv har definert og ønska. Deira overordna mål er å betre vilkåra for den frie scenekunsten og å bidra til auka produksjon og visning av scenekunst på Vestlandet. Dei er også ein viktig samtalepartner for fylkeskommune og kommune i utviklinga av ein kulturpolitikk som er relevant for feltet sjølv. Proscen jobbar med styrking av infrastruktur, kompetansehevinge verksemd, rådgjeving og formidling av produsenttenester. Proscen er medeigar i Teaterdrift Bergen AS som driftar Cornerteateret, og er ein garantist for at drifta av huset samsvarar med behova og interessene til Proscen sine medlemmer.

Kunsthuss WRAP – History Disposal Unit - er kunstnarinitiert og tilbyr produksjonslokale til kunstnarar innan ulike deler av kunstfeltet, i tillegg til å produsere eigne kunstprosjekt og samproduksjonar.

Dans er ein viktig del av scenekunsten. Regionale dansesentre, som Bergen dansesenter, er viktig for å ta vare på og utvikle dansefeltet i fylket. Hordaland er også glad for å ha eitt av dei to store kompania for samtidsdans stasjonert i fylket.

Realisering av Sentralbadet scenekunsthuss vil vere viktig for dansekompaniet Carte Blanche og BIT Teatergarasjen. Då BIT Teatergarasjen er eit programmerande teater vil det også få stor tyding for det frie feltet.

Den Nationale Scene og Hordaland teater hatt ei god utvikling dei siste åra. og ikkje minst hatt fleire samarbeid med kunstnarar utanfor desse institusjonane.

Hordaland Teater har det siste året satsa særleg på å utvikle ny dramatikk – på nynorsk. Teateret knyt kontaktar og inviterer forfattarar inn til å utvikle tekstar for teateret. Dei har ein vid profil på dette, både som ein møtestad for forfattarar og teater på workshop-nivå, til større, gjennomarbeidde framsyningar.

Dette har allereie resultert i svært godt besøkte produksjonar, Heim 1 og 2 ,der fleire forfattarar bidrog med scenetekstar. Vi ser fram til den vidare utviklinga av satsinga på nyskriven dramatikk på nynorsk ved

teateret. Dette er med på å fremje god og ny scenetekst – også frå forfattarar som ikkje tidlegare har hatt erfaring med å skrive for scena.

Den Nationale Scene har også hatt gode samarbeid med frie grupper, forfattarar og dramatikarar busett i fylket. Dette er viktig både for utvikling av institusjonsteateret kunstnarleg og for det frie feltet.

Bergen Nasjonale Opera er ein del av eit internasjonalt nettverk for A-operahus. Dei samarbeider med andre operahus om mange produksjonar, og mogleggjer på denne måten høgare nivå på produksjonane og fleire framføringar.

Scenekunsthfestivalane er gode arenaer for det frie feltet. Frontlogefestivalen er eit flott eksempel på ein liten festival som gir gode ringverknader i teatermiljøet i fylket. Oktoberdans og Meteor er viktige med sitt internasjonale og nasjonale fokus på nyskapande scenekunst og bidreg både til produksjon og visning. Scenekunst er ein viktig del av programmet også i Festspillene i Bergen, og dei gir publikum høve til å oppleve god scenekunst, både meir tradisjonelt teater og meir eksperimenterande scenekunst. Dei samarbeider med teater i Bergen, og fleire produksjonar har premiere under Festspillene og får eit lengre liv vidare ved dei faste teaterscenene.

Ein levande kunstkritikk og samtale kring scenekunsten og det den tematiserer er viktig for utviklinga av god scenekunst. Det er også viktig å kontekstualisere og gje publikum høve til ein inngang og engasjement kring scenekunsten.

Den kulturelle skulesekken har – som mange har skrive om i innspela sine – vore med på å løfte og å auke formidlinga av scenekunst. Scenekunstproduksjonar utgjer det største søkjartalet til Hordaland fylkeskommune sitt kulturprogram i skulane. Med våre prosedyrar for utvelging og vårt turnéapparat gir vi særleg mange innan det frie scenekunsthfeltet høve til å turnere med sine produksjonar, og får god scenekunst ut til mange elevar.

Sjølv om det vel ikkje skal vere tema i denne aktuelle scenekunststrategien, vil vi likevel minne om kor viktig det er å satse på det kulturelle grunnfjellet. Det er essensielt med gode kulturtilbod/-opplæring for barn og ungdom i og utanfor skulen for å utvikle ei kritisk offentlegheit, gode publikummarar og nye, gode scenekunstaktørar.

Kva strukturelle utfordringar finnast i dag på scenekunsthfeltet? Gje eksempel Kva tiltak må til for at desse utfordringane kan løysast?

Det er vanskeleg å sikre gode kår for den frie delen av scenekunsthfeltet. Fleire har hatt god finansiering frå Kulturrådet over nokre år(m.a. basisfinansiering), men det er vanskeleg å sikre dei vidare. Grupper som Transiteateret-Bergen, Jo Strømgren Kompani og Alan Lucien Øyens Winter Guests har vore viktige for utviklinga av scenekunsthfeltet i fylket, men det er vanskeleg å følge dei opp og gje dei gode nok vilkår vidare.

Det er trong for tilskot og stimulans både på den skapande delen(produksjon) og på infrastruktur og fasilitetar. Det er ei viss overlapping mellom verkemiddelbruk frå dei ulike tilskotsnivåa. Det kan i beste fall vere ei komplettering. Det bør vere ein sterkare dialog mellom dei ulike offentlege tilskotsnivå / tilskotsgevarar, særleg når det gjeld innretting av tilskot. Det bør diskuterast meir korleis en kan utvikle ein tydelegare scenekunsthpolitikk på dei ulike forvaltningsnivå. Kva skal t.d. fylkeskommunane si rolle vere i dette? Det kan vere slik at Kulturrådet kan vere betre eigna for tilskot og stimulans på produksjonssida, medan fylkeskommunane/kommunane er betre rigga til å handsame og støtte infrastruktur, regionale organisasjonar og fasilitetar. Vidare kan fylkeskommunane i større grad ta ansvaret for driftsstøtte, t.d. til institusjonar.

Det er eit problem i det frie scenekunsthfeltet at produksjonar får få visningar. Fylkeskommunen ønskjer å legge til rette for at scenekunst kan skapast og opplevast også utanfor Bergen. Det kunne såleis tenkast at fylkeskommunen skulle ta større ansvar for t.d. tilskot til turnear i fylket. Kulturhusa treng t.d. også støtte for

at dei i større grad kan setjast i stand til å ta større kunstnarleg og publikumsmessig risiko, og å vere medprodusentar.

Det ligg eit potensiale i kulturhusa. Om det vert sett i stand til å vere ein stad for utvikling og produsering av ny scenekunst vil det kunne bety mykje både for det frie feltet, kulturhusa sjølv og gje eit nærare forhold til scenekunsten for lokalsamfunna rundt om i fylket/landet.

Det er fleire innspel som har foreslått at Riksteateret skal verte eit programmerande teater. Ein kunne også ta dette enno vidare å legge Riksteateret om til å vere ein rein turneorganisasjon. Dette ville også gje større rom for regionale samarbeid.

Framsyningar og turnear utafor Noreg er særleg viktig for det frie scenekunstoffeltet. Støtte til dette bør aukast – særskild frå statleg hald. Det er i denne samanheng også merkbart at utanrikstenesta har teke vekk store deler av si tidlegare kultursatsing.

- **Korleis ønskjer du at scenekunstoffeltet skal sjå ut om 5-10 år? Kort beskriving.**

Vestland fylkeskommune ønskjer at scenekunstoffeltet skal forsette og utvikle seg, både institusjonane og det frie feltet. Vi skal ha sterke institusjonar som viser scenekunst på internasjonalt nivå, og vise både klassikarar i ny fortolking og nye produksjonar utarbeidd frå grunnen av. Det skal visast scenekunst av høg klasse, både av gjestande kunstnarar og kompani og dei som har si daglege verksemd i fylket. Bergen skal vere eit tyngdepunkt og ein motor, og det skal også utviklast, produserast og visast god scenekunst mange stader i fylket. Kulturhusa skal vere aktive, produserande einingar. Det skal vere ein interessant, offentleg dialog kring scenekunsten og det som tematiserast på scenen.